

BLI MED PÅ MGP!

mgp
lokal

Meir info på
facebook-sida:
MGP Florø

ER DU MELLOM 10 og 17 ÅR og LIKAR Å SYNGE? DELTA på Melodi Grand Prix LOKAL i Sogn!!

MGP Lokal er eit eige fylkeslokalt Melodi Grand Prix for deg mellom 10-17 år der vi inviterer songtalent frå heile fylket til å delta. 5 vinnarar av MGP Lokal vil få opptre føre 2500-3000 menneske før den direktesendte Melodi Grand Prix Delfinalen i Florø laurdag 4. februar 2012! Og vinnaren får gratis reise og billett for 2 til sjølve Melodi Grand Prix Finalen i Oslo Spektrum!

Er du ungdom i **Balestrand, Leikanger, Vik, Sogndal, Årdal, Lærdal, Luster og Aurland** så meld deg på MGP Lokal i Sogndal. Konkurransen blir arrangert i foajeen i det nye Sogndal VGS-bygget i Sogndal laurdag 14. januar kl 15.00.

Du gjer:

Send ein lydfil eller ein CD av ein låt du har sunge inn - det er heilt flott å sende inn coverlåtar, men du kan også sende inn låt du har laga sjølv. Har du ikkje lydfil/CD av sang du vil synge, så ring oss, syng i telefonen og overbevis oss :-)
Om du kjem vidare til sjølve konkurransen er dette eit enkelt tips: Last ned **karaokeversjonar av coverlåtar på ein nettstad: til dømes www.karaoke-versions.com og brenn desse på ein CD. CD`en bruker du så som play-back-CD under konkurransen. Vi anbefalar deg å gjere dette.**

Meld deg på til: Per Øyvind Helle - per@hiphipp.no - tel 40402905 . DU MÅ OGSÅ melde deg på til Lærdal Digital - laerdal-digital@hotmail.com, Knut Egil Mo, 48236588.

Du må melde deg på/send inn bidraget ditt innan 8 januar!!

Om du går vidare til konkurransen vil du og 12-15 andre opptre føre eit stort publikum på Sogndal VGS. Då må du ha med deg ein singback-CD - du syng i mikrofon oppå musikken som ligg på CD. Du/dykk kan opptre solo eller som gruppe på 2 til 4 pers.

Vi vil kåre 4 vinnarar, og det blir tatt opp video av desse 4 som blir lagt ut på NRK Sogn og Fjordane sine heimesider. Der vil også 8 andre vinnarar frå fylket bli lagt ut. Publikum kan så stemme på sine favorittar på nrk.no/sfj.

Dei 12 vinnarane frå dei 4 MGP Lokal-konkurransane møtest i MGP Lokalfinale i Florø fredag 3. februar. Der vil du også møte dei MGP-artistane som skal opptre på tv-sendinga frå Florø. 5 av vinnarane får opptre framfor 3000 menneske i Florø Idrettssenter på sjølve MGP Delfinalen laurdag 4. februar i Florø Idrettssenter! Dei 5 bidraga som går vidare vil bli avgjort på grunnlag av sms-røyster frå publikum og ein fagjury.

Dei 5 bidraga vil opptre i timen føre den NRK-direktesendte delfinalen i Florø, og dei vil TV-produserast på normalt proft vis! Så ikkje nøl - ring, send epost og send bidrag innan 8. januar!

Meir info vil du finne på facebook-sida MGP Florø og på facebook-arrangementet MGP Sogn.